

Desse var med: Una Eiken, Berit Tuvin, Marta Samland og Marna Roer

Sak 1: Våren og sommaren 2018

- Kulturstien: Det trengs fjellboremaskin for ny støtte for wire. Me har tre infotavler som skal monterast i stien. Det er Mjøstølsflor, Alm og Barlind. Jon Steinar bestemmer kvar dei skal stå. Marta tek ansvar for å få oss inn på dugnadslista og å setja opp ein dugnad ei av helgene i forkant. Litt avhengig av om når det er butikk- opning. Me meiner at den ikkje nett treng å vera ein laurdag.
- Utstillinga: Solveig Marie vil vera utstillingsvakt denne sommaren. Me opnar etter husflidsmessa så det vert tysdag 3. juli, og held fram med ope til og med 5. august. Mandagar stengt. Me vil ha filmen om båtbygging på den nest siste skjermen der den erstattar bileta om stølane. Som vanleg kan me kontaktast dersom nokon vil sjå utstillinga utanom opningstid. Det bør helst vera 4-5 personar då.
- Guiding for bussar: Marna har fått to bestillingar på guiding med bussar. Det er Knapphusbuss som vil koma 15. mai og 20. august. Plan for dagane er ikkje lagt enno, men det vert steiking av mjølkekaker i matsalen på kulturhuset 15. mai v/ Ingeborg Grøtt.

Sak 2: Innsending av arbeidsrapport og vedlegg til kommunen for å få utbetalt 40.000,-

- Desse pengane vart løyvd 8. januar 2015. Me har utarbeidd og fått trykt opp nye brosjyrar, infotavlar til kulturstien, skilt- tre i skulesvingen, oppgradering av skilta i kulturstien til felles nemningar, nytt skilt til Kulturhistorisk senter og 7 ekstra tavler til stien som det skal koma tekst i etter kvart. Marna og Una ser på dette og får den av garde før påske

Sak 3: Slutføring av filmprosjektet:

- Marna sørger for at me får sendt inn rekninga så me får ut pengar frå Sparebankstiftinga og innfallsportar.

Sak 4: Tekst om Landskapsarkgrupper på herand.no

- Me må fiksa ein tekst her, men det vart ikkje bestemt kven som gjer det. Litt historisk om oppstart og kvifor. Litt om kva arbeid som er blitt gjort og litt om kva me held på med. Invitasjon til alle med gode idèar til å slutta seg til oss. Me er jo ikkje eit vald styre men ei interessegruppe og me har plass til fleire!
- Kulturstiens venner?? Me har vore innoan tanken nokre gonger, nermar det seg at me skal gjera noko med det? Sikkert mange som har lyst til å gjera ein ekstra innsats her. Så kan ein laga litt sosialt og kjekt ut av det. Dersom nokon vil hiva seg rundt og tenkja / få i gang dette må dei berre ta kontakt med ein av oss i gruppa så det kan samkøyrast.